

ISFLAKET

Organ for Ishavsmuseets Venner.
Nr. 3/2000 Juli 2000. 2. Årgang.

!!!! GRILLNYHEIT !!!!

Ishavsmuseets venner arrangerer **GRILLFEST** på Ishavsmuseet
fredag 11. august kl. 18.00

For første gong på Sunnmøre blir det **GRILLFEST** med
GRILLA SELKJØT, og marinaden "SNADD".

Det blir ein gourmet oppleving utanom det vanlige. I tillegg får du potetsalat og annen
"kaninmat". Alt dette får du for kr. 60,- vaksne - born 30,-

Vertinne: Brit Eilertsen med assistanse frå styret. Grillmeistrar Karl Johan Brandal og Hermann Bakke
Forutan gourmet opplevinga kan ein nyte underhaldning av "HAKAPIKANE" i tillegg til annen
gladmusikk. Gå ikkje glipp av denne **GLAD – OPPLEVINGA** denne fredag ettersommar kvelden.
Dårlig ver er ingen hindring, - vi har alternativ.

GRILLNYHEIT - GRILLNYHEIT

"Polarstar".

Bør landets første spesialbygde selfangstskute, bygget av stål tas vare på ?

I ellefte time den 25 mars møttes ca 50 ishavsfolk og interesserte for å drøfte saken. Det var en rekke fruktbare og konstruktive innlegg, noen så også en del praktiske vansker ved å bevare skuta. Interesse for å ta vare på denne sagnomsuste skuta var meget stor. Ved avstemning i spørsmålet om spiker eller å bevare den, stemte alle 50 for å bevare den.

Det ble valgt et interimsstyre som skulle arbeide med saken. Det ble inngått kjøpsavtale med daværende eier. Det tas sikte på å opprette en egen stiftelse for å videreføre saken.

Pga ressursknapphet hos Ishavsmuseet lå det utenfor Museets mulighet og rekkevidde å engasjere seg. Dette til tross for Museets store interesse for å delta.

Ting skjedde fort. Norsk Forening for Fartøysvern i Oslo var raskt ute og erklærte:
"Årene etter 2. verdenskrig var Møre-kysten preget av dristig og storstilt satsning på fangst i kystnære og fjerne farvann. "Polarstar" er en verdig representant for vår ishavsflåte og nå den eneste operative selfangstskute i stål fra denne tid som betegner overgangen fra tre til stål. Den har en interessant historie og har måttet tåle store påkjenninger, - vi har å gjøre med en riktig "arktisk sliter". Fra Norsk Forening for Fartøysvern ser vi med glede at det nå bli tatt initiativ til å bevare fartøyet i operativ stand. Det er ingen tvil om at båten ut fra museale/antikvariske synspunkt er meget verdifull.

Myklbust Mek Verksted ga prosjektet en "flyvende start" ved å slippsette og understellsbehandle skuta m.m. No ligg "Polarstar" ved Eilertsenkaia på Hjørungavåg.

Styret i Ishavsmuseets Venner:

Bjarne Brandal- formann, Hermann Bakke – nestformann, Liv Skarbakk – sekretær,
Arnfinn Karlsen, Lars J. Brandal, Britt Eilertsen, Ottar M. Brandal.
Ishavsmuseets Venner, Postboks 20, 6062 BRANDAL

ISHAVSSKUTA "SELIS" (1).

(EX "MALULA")

Av Magnus Sefland


Ishavsskuta "Malula" vart bygd av tre ved Knut Skaalas båtbyggeri i Rosendal i 1917, sjolve revolusjonsåret i Russland. Måla på skuta var 103.8 x 23.4 x 11.4 ft/174 brt. Det vart montert ein to-sylindra compoundmaskin på 110 indikerte hestekrefter frå Bergens Mekaniske Verksted. Tingar var ein ishavsreiar i Arkhangelsk. Skuta fekk namnet "Malula", visstnok etter ei dotter til reieren.

I 1920 var skuta koma tilbake til Noreg. Reieren skal ha romt frå Russland, truleg av politiske grunnar. Han etterlet "Malula" i Noreg medan han sjolv og familien drog vidare til Amerika. Første tida høyrde skuta heime i haugesundsområdet. Først tilhøyrde ho eit reiarlag i Espevær. Frå ein gong rundt 1922-24 tilhøyrde skuta reiarlaget Fridtjof Nagell Nordbø i Haugesund. Medan skuta høyrde heime i Haugesund hadde ho fiskerimerket R 61 H. I denne tida vart gjerne mannskapa på "Malula" henta frå Sunnmøre, blant dei også skipperane Bertel Chr. Landmark frå Brandal og Hans Nøtvik frå Folkestad. Det var Aalesunds Rederiforenings Sjøfangergruppe som handterte spørsmålet om Kvitsjø-konsesjon til "Malula" på vegne av Nordbø. Sjølv om "Malula" aldri var registrert på Sunnmøre, så var ho likevel langt på veg å rekne som ei sunnmørsskute.

I 1932 selde Nordbø "Malula" til A/S Schjelderups Sjøfangerstrederi i Skånland ved Bodø. "Malula" fekk då det namnet som skuta kanskje vart best kjend under: "Selis". Ved dette salet fekk "Selis" fiskerimerke for Bodin herad: N ?? BN. Nummeret kjenner vi dessverre ikkje. Fast skipper "Selis" i 1930-åra var Ingvardt Johannessen, kjend under tilnamnet "Snusen" på grunn av tobakksbruken.

I 1938 kom Ivar Austad i Tromsø inn som medeigar, og same året vart ein Wichmann semidieselmotor montert. Ved denne endringa vart "Selis" registrert i Tromsø og fekk merket T 91 T. I 1939 gjekk "Selis" til Newfoundland saman med "Quest". Dei heldt seg unna orkanen i Atlanterhavet ved å gå nord om Island. "Selis" var på fangst ved Newfoundland då Noreg vart okkupert i april 1940. Skuta vart verande i Nord-Amerika og utførte transportoppdrag i alliert teneste.

Etter at heile befolkninga på Svalbard hadde vorte evakuert i 1941, vart det i 1942 gjort ein freistnad på å gjenerobre Svalbard. Den norsk/allierte militære operasjonen Fritham vart sett i verk med isbrytaren "Isbjørn" og "Selis" som ekspedisjonsfartøy. Ekspedisjonen, som omfatta 82 mann, gjekk frå Skottland via Island til Svalbard. Styrken skulle setjast i land i Barentsburg. Men like før fartøya nådde Barentsburg dukka tyske fly opp og bomba "Isbjørn" i senk. "Selis" vart skoten i brann og sakk. Totalt omkom 15 mann ved hendinga. Resten av styrken kom seg i land og heldt fram med operasjonen.



Ishavsmuseets Venner, Postboks 20, 6062 BRANDAL

Ei ny utfordring.

Som kjent for mange av dykk er det forebuande arbeidet med hus over "Aarvak" starta. Heilt sidan skuta vart satt på land har det vore klart at skal "Aarvak" bevarast for ettertida på ein god nok måte, så må den kome under tak. Over tid vil det krevje alt for mykje arbeid å halde den i god stand om den skulle bli ståande utsatt for ver og vind. Men til denne tid har vi hatt nok med å skaffe midlar til alt det som har blitt gjort fram til i dag.

Men med god hjelp frå svært mange har vi bortimot fullfinansiert museet så langt. Derfor vågar styret for Ishavsmuseet seg på eit nytt prosjekt: hus over "Aarvak". Lørgen prosjektering v/ Jon Moldskred har utarbeidd teikningar for dette. (Utan kostnader for oss). Takk for det Jon!

Sidan dette vil verte eit hus som er svært synleg i bygda, kalla vi bygdefolk i Brandal inn til møte, der alle fekk uttale seg om planane. Det var bra fram møte og alle var positive. Etter dette krinsmøte vart det halde styremøte, der ein sanroystes slutta seg til dei planlagde teikningane. Dermed vart teikningane no sende til bygningsrådet i Hareid for godkjenning. Eg vil ikkje her kome med noko tal kva dette vil koste, men alle forstår at dette vil krevje mykje kapital. Men vi får ta ein ting om gongen, først godkjenning av teikningane, så ein plan over korleis vi skal greie og finansiere det. Ein ting er sikkert; skal vi makte dette treng vi støtte frå alle gode krefter. I fellesskap bor vi kunne makte det. Og Venneforeininga vert også her ein viktig støttespelar for oss.

Både for museet og Brandalbygda vil eit slikt hus vere ein verdifull tilvekst, for huset vil kunne bli nytta til så mangt; tilstelningar av ulike slag, konsertar osv.

Når prosjektet er ferdighandsama i Hareid kommune skal vi kome attende med kostnad, finansieringsplan osv.

God sommar til dykk alle, og takk til venneforeininga for all hjelp.


Med helsing
Einar Holm

Kjære lesar!

Du har no fått eit nytt nummer av ISFLAKET. Bjarne har ved eit par anledningar kalla meg redaktør av ISFLAKET, det er ein tittel eg sjølv ikkje brukar, men som "redaktør", har i alle hove Bjarne presentert meg for fleire personar eg etterkvart har stor glede av å ha kontakt med, og som sit på stor kunnskap om polare strøk. Føler etterkvart at kvaliteten på produktet og begynner å bli skamlaust. Dette gjeld både presentasjonsforma, og ikkje minst dei skribentane det har lukkast å knyte til oss. For meg personleg er det kjekt, lærerikt og ikkje minst interessant å ha kontakt med bl.a. Ivar Ytreland, Håkon Skulstad, John Giæver jr. og i dette nummeret Bjørne Kværnmo. I lag med Magnus Sefland med si faste side, føler eg at vi i alle hove har breidde på stoffet. Skulle ein ønskje seg noko meir, må det vere at nokon av våre lokale ishavsfolk tek pennen fatt. Så alle med skrivelyst; kom igjen ISFLAKET tek i mot ditt bidrag!

Brandal, juli 2000, Johannes Alme

Ishavsmuseets Venner, Postboks 20, 6062 BRANDAL



B

Årets selfangst.

I år var det tre tromsøskuter som tok del i selfangsten. Det var "Harmoni", som fangsta i Austisen, og "Polarfangst" og "Polarboy" som var i Vesterisen. "Harmoni" fanga omlag 6300 dyr på ein tur. Skutene i Vesterisen gjorde to turar kvar, og resultatet vart i underkant av 5600 dyr på "Polarfangst" (Ex Heimen I – Jan Mayen), og i overkant av 8600 på "Polarboy" (Ex Polaris). Frå Bjørne Kværnmo, skytter på "Polarfangst", har vi fått følgende situasjonsbeskrivelse frå andre turen:

"Fangstforholdene og været har variert, men et par lokale polare lavtrykk har gjort livet surt med kuling og enda værre, dønning i isen. Men natt til lørdag klaffet det, vi fant tusenvis av grønlandssel som lå samlet på isen, en is som var av det beste man har opplevd for fangst. Været var verken varmt eller kaldt, men passende vinddrag som man visste å utnytte for å ikke skremme dyrene. Vi var to man som skjøt, en sprek ungdom med gode skyteferdigheter og undertegnede, i flere timer lå selene neste å bare ventet, og man kunne plukke ut de dyrene som var mest verdt, dvs brunsel. Men så slakket isen, dvs det ble mere vann mellom isflakene, dyrene ble vare og hadde letter for å komme seg i vannet, og vi fikk færre og færre. Men en lang stund hadde man følelsen av å direkte høste av en gavmild natur. I løpet av 12 timer var alt over, i 7 timer var vi i arbeid på isen, en is hvor man lenge kunne gå "med øyan igjen" overalt. Og resten av natta gikk med til å flå ferdig og ivareta skinn og kjøtt. Og nå leter man etter nye ansamlinger av grønlandssel, og finner at klappmyss er det overalt, den ligger ikke samlet på samme måten som grønlandsselen, men med passende mellomrom over store områder. Man har inntrykk av at det aldri tar slutt, og man finner hele tiden enkelt dyr, av og til to på samme flak, så fangst blir det hver dag. Og det samme melder kompisbåten "Polarboy". Det er klart at selbestanden i Vesterisen er i vekst."

Vesterisen 5. Mai 2000, Bjørne Kværnmo.

Vi savner deg - savner du oss ? Hva da - som medlem ?

Et mindre antall har glemt å betale medlemskontingenten (kr 100.- for enkeltmedlem, kr 200.- for familie). Vi har sendt påminnelse 2 ganger, men, vi synes vi ikke kan sende flere. Bankkontonr vårt er 3910.10 17293. Adr. er fortsatt 6062 Brandal

Får du etter dette ikke lenger ISFLAKET er det fordi du har glemt oss.

Vi vil savne deg!

Kostnadane med utgivelse av dette nummeret av ISFLAKET, er dekket av: **Polargodt AS**

**Vi leverer oppkutta grillskiver av brunsel,
vi sel også spesiell marinade tilpassa kjøtet.**

Du kan også få kjøpe fine vegg og golvsinn av Grønlandssel.

Som arktisk entusiast – kom å besøk oss i Tjørvåg!



Polargodt as
6070 Tjørvåg

Tlf. 700 84 262 Mob. 906 60 438